Emne: 7.

Hordaland
Voss.

Skav.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Reppen 7. april 1954.

Hr. Andreas Ropeid,

Bygdøy.

Har teke mot brevet Dykkar med spørsmål om første lina i skavrimet: " Alm gjev røynæ føda".

Dei som kunne dette rimet, er no borte, så eg kan ikkje få korrigert det hjå dei. Men ikkje rettare eg hugsar, undra eg meg over ordet "røynæ" då eg skreiv det opp. Eg trur at eg kom til det at det måtte tyda det same som verkeleg (eller prøvd), altså : Alm gjev verkeleg føda. Almen var då rekna for kraftfor, jamgodt med mjøl, så eg synest dette skulle høva bra. Men eg skal ha det i tankane når eg talar med eldre folk. Kanskje eg kunne få ei betre tyding på det. Eg skal i tilfelle skriva. Eg trur det er rett oppskrive.

Vyrdsamt

Olav Rognebakke
Olav Rognebakke

2854.